



STORTINGET

Lovvedtak 9

(2024–2025)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 53 L (2024–2025), jf. Prop. 115 L (2023–2024)

I Stortingets møte 26. november 2024 ble det gjort følgende

vedtak til lov

om endringer i våpenlova (heilautomatiserte avgjerder og endra gebyrheimel)

I

I lov 20. april 2018 nr. 7 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon vert det gjort følgjande endringar:

§ 37 skal lyde:

§ 37 *Gebyr og utgifter*

For å dekke utgiftene til våpenforvaltninga kan politiet krevje gebyr ved søknad om løyve eller godkjenningar gjevne i eller i medhald av denne lova. Gebyret kan også omfatte naudsynte utgifter til sakkunnig bistand når sakshandsaminga krev særskild fagdugleik.

§ 38 skal lyde:

§ 38 *Forholdet til forvaltningsloven og bruk av automatiserte avgjerder*

Forvaltningsloven gjeld for saker etter denne lova med dei særreglane som er fastsette i *paragrafen* her eller i forskrift i medhald av § 41 nr. 32. Politiet kan krevje at personar stiller til intervju for å vurdere om vilkåra etter § 16 er oppfylte. Retten til klage, grunngjeving og

partsinnsyn etter forvaltningsloven gjeld ikkje for saker om løyve til mellombels innførsel til jaktforemål.

Politiet kan ta avgjerder i saker etter denne lova som åleine er gjorde på grunnlag av automatisert handsaming av personopplysingar, medrekna særlege kategoriar av personopplysingar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10. Handsaminga må trygge forsvarleg saks-handsaming og samsvare med retten til vern av personopplysingar. Avgjerda kan ikkje byggje på skjønsmessige vilkår i lov eller forskrift, med mindre avgjerda er tvillaus. Den registrerte har rett til manuell overprøving av avgjerda.

§ 41 nr. 32 skal lyde:

32. forholdet til forvaltningsloven, medrekna saks-handsamingsreglar, reglar knytte til intervju og unnatak frå teieplikta, og *bruk av automatiserte avgjerder, jf. § 38 første og andre ledd,*

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

Masud Gharakhani

president

